



Referat frå møte i FAU (Foreldra sitt arbeidsutval)

Desse møtte: 1A Kristin Breivik, 1B Jeaneth Aileen Frantzen Rosnes, 1C Merethe Tollefsen, 2A Bjørn Are Vollstad (kunne ikkje møte), 2B Therese Stokke, 2C Are Gunnar Korsvoll, 3A Veronica Løvold, 3B Åge Avedal (kunne ikkje møte) Jeaneth Aileen Frantzen Rosnes representerer klassen 3C Therese Cecilie Bøyum (kunne ikkje møte), 4A Lisbeth Strømslid, 4B Astrid Irene Solheim Korsvoll, 5A Ståle Randal, 5B Maria Steimler (ikkje møtt), 6A Silje Sægrov Amble, 6B Therese Cecilie Bøyum (kunne ikkje møte), 6C Veronica Løvold, 7A Kirsti Solheim, 7B Roger Eide, 7C Astrid Bakke Grimeland (kunne ikkje møte) og rektor Turid Irene Hatlem.
Kasserar: Torje Hirth (3C)

Tid: Onsdag 10. mars 2021 kl. 19.00 – 20.30

Møtestad: Auditoriet på Slåtten skule

SAKLISTE

01/21 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen kommentarar

02/21 Kamera montert på Slåtten skule.

Føremål med overvakinga er preventivt hindre hærverk på bygg og eigedom gjennom avskrekking. Om det vert gjennomført kriminelle handlingar innafør området som vert overvaka kan materialet også nyttast av politiet. Tidsrom for overvaking er utvendig , heile døgnet, 7 dagar i veka, med unntak i skulen si opningstid.

Det er ikkje berre på Slåtten at det er sett opp kamera, men også på fleire skular i Førde. Bakgrunnen er at det har vore mellom anna flaskeknusing, brenning av bord, festing og anna hærverk. Det er særleg Grindabygget det har gått ut over. Elevrådet er orientert. Det er sett opp skilt.

Foreldra må gjerne ta opp med borna sine viktigheit av å opptre skikkeleg på skulen sitt område. Samt orientere dei om at det er sett opp kameraovervaking.

Skulen kjenner nokon av gjerningspersonane som stod bak hærverket tidleg haust 2020. Dette har vore tatt tak i. Ofte er dette personar som har det vanskeleg også på andre område.

03/21 Framdrift - Legenestølen

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Årdal	57 61 28 44	johnny.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no

Saka trengde ikkje handsaming etter jordlova.

Saksgang:

1. Det er gjort vedtak etter plan- og bygningslova (areal og byggesak)
2. Vi har sendt ut vedtak om klagerett til søkeren og naboane, 3 vekers klagefrist (areal og byggesak)
3. Oppmålingsforretning i marka der partane møter og oppretting av ny eigedom (areal og byggesak) blir gjennomført 24. mars 2021 (ca. 1300 m²).
4. Overskøyting av eigedomen til Sunnfjord kommune (kommuneadvokaten)

Det er sendt søknad om midlar til restaurering hos Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sunnfjord kommune. Det er behov for pengar til å bygge nytt stølshus rett og slett.

Søkt kommunen om 63 000 kr.

Søkt Sparebankstiftinga om 75 000 kr.

Andre instansar der vi kan søkje:

Gjensidigestiftinga?

Thon-stiftinga?

Sparebanken Vest? Roger har ringt og ventar på tilbakemelding.

Kulturfondmidlar? Sogn og Nordfjord har restaurert ein del stølar, medan Sunnfjord har gjort lite av dette. Føresetnad for midlar frå kulturfondet er at stølen skal settast tilbake i si opphavslege stand.

Det er sett opp to budsjett:

Eitt som går på handemakt og ligg på om lag 150 000 kr, men dette kan endre seg alt etter kor omfattande restaureringsbehovet blir.

Eitt som går på helikopterfrakt og materialkost/arbeid.

Bygget er delt inn i to rom. Det vestre rommet er ei laftekasse. Om det let seg gjere å ta vare på heile, eller delar av denne kassa, må vi sjå nærare på. Det er vanskeleg å sjå føre seg at heile kassen kan brukast utan ei restaurering og utskiftingar av stokkar. Ho er både skeiv og har fuktskadar. I eit nybygg, kan ein sjå føre seg å bruke delar av kassa som eit hjørne eller ein heil vegg for å ha med noko frå det som er. Den andre (austre) delen av bygget er i reisverk. Dette er i dårleg stand og må erstattast med nytt.

Vi har kontakta Mo og Øyrane, Ivar Johan Aarberg, for å høyre om dei kan hjelpe oss med bygget. Dei vil i tilfelle bygge modular og så må vi ha helikopter til å frakte modulane opp.

Noko av målet med å restaurere stølen er å skape eit samlingspunkt for bygda, ein kunnskapsarena for borna. Eit anna mål er å skape eit eigarskap til stølen, og inspirere grendafolket til å engasjere seg.

Nærmiljøgruppa vert utfordra til å jobbe vidare saman med Roger Eide og skulen om søknadar om midlar.

Forslag om å etablere ei Facebook-gruppe der fleire kan komme med innspel. Astrid tar ansvar for å etablere ei gruppe.

Kan nokon ringe Pål Fidjestøl i Gjensidigestiftinga?

Forslag om å ha geiter med GPS-styring. Kan vi engasjere eit besteforeldregruppe?

Sjå litt til dagsturhytte-modellen. Eigarskap, engasjement, brubygging, inkludering, samhald, turglede.

04/21 Nytt frå arbeidsgruppene i FAU. Nærmiljø/anlegg, Heim-skule og Lese/skrive og rekne-gruppa.

Ikkje noko nytt frå gruppene.

05/21 Arbeid framover, 17. mai-arrangement på Slåtten skule. Referat frå møte i 17. mai-komiteen, brev til foreldre, evalueringar, handlelister m.m. finn du link til under Sunnfjord kommune, Slåtten skule, medverknad – 17. mai. Skulen gir medlemmane i 17. mai-komiteen passord. (fau)

Det er uvisst korleis årets 17. mai vert. Det er venta avgjerd frå 17. mai komitéen (Sunnfjord kommune) etter påske.

5-klasse har ikkje starta planleggingsarbeid enno, avventar til etter påske når vi veit meir. FAU-representar og klassekontaktar må ta initiativ til møte.

06/21 Ymse

Det kom inn kr 32 900 kr på karnevalsloppet. Vi kjøpte for 1200 kr i premiar. Vi betalar 1 kr og 75 øre pr hundrelapp som kjem inn på vipps. $31700 - 555 = 31145$. Vi sender kr 31145 kr til SOS barnebyar.

Fekk inn 32 265 kr i 2017, men då var det 411 elevar. Rett og slett fantastisk.

Fagfornyinga

- Arbeider meir etter kompetansemåla enn lærebøkene
- Eit av dei tverrfaglege tema ligg som overordna mål
 - Folkehelse og livsmeistring
 - Demokrati og medborgarskap
 - Berekraftig utvikling
- Lausriv seg frå timeplanen. Timane er meir flytande i kor tid dei byrjar og sluttar.
- Arbeider med dei grunnleggande dugleikane i alle fag. Lese, skrive, rekne, munnleg og digital dugleik.
- Brukar veldig mange ulike læremiddel for å lære om dei ulike tema.

(Nye saker må meldast under sak 1)

FAU-representering

Det er fleire som representerer fleire klassar. Er dette heldig eller uheldig?

Det vart ikkje fatta vedtak på dette punktet.

Økonomi

Erstatningsmidlar pga. bortfall av inntekt frå 17. mai 2020.

Det er mogeleg å søkje om «korona-midlar» frå Sparebanken Vest. Det er truleg grendalaget som må stå for slik søknad.

Refleksvestar til 1. klasse

Det har ikkje blitt delt ut refleksvestar til 1. klasse i år. Bilskadesenteret har sagt dei vil bidra med 66 refleksvestar, Turid hentar desse og får delt ut til trinnet.

Temperaturføler

Korleis opplever vi kvardagen no?

Skulen og foreldra gjorde ein framifrå jobb med å slå ned den stygge utviklinga som var hausten 2020 om netthets, mobbing via YOLO etc. Vi må alle jobbe vidare for å oppretthalde dette.

Skulen har snakka med elevane om at det ikkje er lov å opprette private grupper på Teams. Oppretta reglar om bruk av datamaskin. **Ønskje om at reglane vert sendt ut til foreldra.**

Det viktigaste er å oppretthalde haldningsarbeidet.

Teams vert opplevd som positivt blant enkelte.

Det opplevdes som vanskeleg i dei yngste klassane at ei aldersgruppe som ikkje har verken telefon eller nettbrett, brått vart «utsett» for Teams. Det var mykje «greier» rundt dette.

Det vert opplevd svært positivt at elevane kan levere lyd-filer av leseleksa.

Det var veldig mange kjekke oppgåver under nedstenginga.

Chatte-funksjonen opplevast som forstyrrende og utfordrande. Skulen har sjekka om denne kan skruast av. Det er ikkje mogeleg for berre Slåtten skule, då må i tilfelle heile Sunnfjord skulen ønskje det.

Teams kan ha opna ein arena for dei som kanskje har hatt utfordringar med å få kontakt med andre. Det er lett å ringe andre.

Det var veldig kjekt at det vart halde karneval.

Fleire av dei andre skulane ser til Slåtten skule, her vert gjort mykje bra. Slåtten vert opplevd som ein god stad å vere.

Turid fortel om dette med å sjå at andre ikkje har det bra, dette med å engasjere ungane til å ta del i arbeidet med å ta vare på alle. Seie i frå. Det er dømer på at elevane har gått til t.d. sjukesøster og fortelje om ting dei ser på skulen. Dette er sjølv sagt ein balansegang, dei små skal ikkje påleggast meir ansvar enn dei kan takle.

Møtet slutt: kl. 20.28

Referent: Kirsti Solheim